

Lars Dalen  
Kråkedalsvegen 15  
5582 Ølensvåg



Florakartleggjar

## **Ettersøk av ålegras i området som er regulert til utviding av tømmerkai.**

Etter oppdrag frå Vindafjord skogeigarlag, har eg ettersøkt om det veks ålegras på det regulerte området for utviding av tømmerkaien på Bjoa.

Undersøkinga vart gjort frå land. Dei grunne areala vart undersøkt visuelt, medan dei djupare områda vart undersøkt med kasterive. Metoden er ikkje fullgod for områda lengst frå land og i dei djupaste delane av reguleringsområdet, men gir likevel eit godt bilete over kva som veks i området.

**Resultat:** Det vart ikkje funne ålegras i det aktuelle området. Med manglande funn av ålegras kan ein med stor sikkerhet seia at dette ikkje er ein ålegraslokalitet.

Ålegras er ei vanleg plante i Vindafjord. Ålegras veks frå omlag ein til omlag ti meter djupne. Planta veks i nokså roleg farvatn med sjøbotn av lausmassar og mest på mudderbotn. Det aktuelle området er delvis berggrunn dekkja av tang og tare og med relativ grov sandbotn på det resterande arealet. Det kan vera årsaka til at det ikkje vart påvist ålegras her. I tillegg er strandområdet prega av den tidlegare utbygginga av industriområdet med utfylling av massar og at VA-anlegget går ut i sjøen i den austre enden av det aktuelle området.

Ølensvåg, 5. januar 2023

Lars Dalen, florakartleggjar.